INFORMASJON OM FAGTILBOD OSTERØY KULTURSKULE

Visuell kunst

I faget visuell kunst får du utforska forskjellige uttrykksformer i teikning, maling, leire, tekstil, skulptur/installasjon inne og ute. Gjennom året arbeider me både med individuelle oppgåver, felles oppgåver og prosjekt, som til dømes den årlege musikalen. Her arbeider visuell kunst med kostyme, scenografi og sminke, og i samarbeid med teaterkor og dans.

Teaterkor

Elevane på teaterkor jobbar målretta mot ei eller fleire framsyningar i løpet av året, og elevane får verkeleg sceneerfaring på dette faget. Hovudframsyninga for teaterkor er musikal om våren, der ein samarbeider tett med elevar og lærarar i faga dans og visuell kunst. Teaterkoret kan også få oppdrag i samband med andre arrangement i kulturskulen. Dei føresette er ein viktig ressurs når det gjeld å skaffa kostyme og rekvisittar, og ikkje minst for å skapa ei sosial ramme rundt øvingshelger og framsyningar.

Dans

Dansegruppene på kulturskulen er inndelt etter alder, og på alle gruppene vil ein vere innom ulike sjangrar, som til dømes ballett, jazz og samtidsdans. For dei yngste vil ein ha ei leikprega tilnærming til dansen, og enkel innføring i grunnleggande teknikkar. Dette blir gradvis bygd på etterkvart som elevane blir eldre, og koreografiane vil verte meir avanserte. Elevane på dans er med på ulike arrangement i kulturskulen sin regi, blant anna musikal om våren, som er eit samarbeid med faga teaterkor og visuell kunst.

Song

Songundervisninga er organisert i grupper for dei yngste elevane, og som individuelle timar for elevar frå 6. trinn og oppover. Gruppene er inndelt i aldersgruppene 1.-3 trinn (45 minutt) og 4.-5. trinn (60 minutt). Både i gruppeundervisning og individuelle timar får du læra om pusteteknikk, klang, uttale, musikkteori og ikkje minst formidling. Kulturskulen har fleire arrangement i løpet av året der ein får øvd seg på å opptre for publikum, i tillegg til at me ofte vert spurt om å stilla med songarar til andre arrangement.

Gitar

I kulturskulen tilbyr me undervisning i rytmisk gitar, både akustisk og elektrisk. Undervisninga vert tilpassa elevane sine musikalske interesser, og dei får læra seg ulike teknikkar. Det kan også etterkvart verte aktuelt å spele saman med andre, der ein øver saman fram mot ulike arrangement.

Bassgitar

I tillegg til gitarundervisning, tilbyr me også undervisning på bassgitar. Det er store likskapar mellom gitar og bassgitar. Ein bassgitar er eigentleg ein stor gitar, men ein brukar dei 4 grovaste strengane. Bassen skaper bunn i klangbildet og driv rytmen framover. På grunn av storleiken passar elbassen best for litt eldre elevar, frå omkring 5. klasse og oppover.

Toradar

Som toradarelev i kulturskulen kan du få opplæring i både runddans og bygdedans, samt andre typar melodiar som passar til instrumentet. Undervisninga bygger rundt eleven sine interesser og føresetnader. Målet er at eleven skal meistre instrumentet, og kunne spele både solo og i samspel med andre. Me spelar både gehørbasert og etter notar, og jobbar med teknikk, rytme og formidling.

Trekkspel

Instrumentet kan nyttast i mange samanhenger, som soloinstrument eller som ein del av eit større ensemble. I kulturskulen kan du få opplæring i fleire stilartar frå klassisk til folkemusikk, og til ein meir "fri" spelestil basert på besifring (akkordar). Me legg uansett vekt på at du får grunnleggande opplæring både når det gjeld teknikk og notekunnskap.

Hardingfele

Som elev på hardingfele får du lære å spele folkemusikken vår. Me spelar både solo og i samspel, og har hovudvekt på folkemusikken frå vår region. Undervisninga er gehørbasert, og tett knytta til dansen, miljøet og tradisjonen. Begynner du på hardingfele, vert du og invitert med på samspel, dans og andre kjekke aktivitetar i regi av Osterøy spel- og dansarlag. Laget tilbyr utleige av instrument i ulike storleiker. Dei yngste elevane startar undervisninga på små vanlege feler, og går over til hardingfele når dei vert større.

Slagverk

I kulturskulen kan du få undervisning på tradisjonelt trommesett og melodisk slagverk. Eleven tileignar seg grunnleggjande forståing av rytme, koordinering av armar og bein, samt forståing av ord og uttrykk i musikken. Du lærer om taktartar, noteverdiar og periodar. I melodisk slagverk inngår instrument som vibrafon, klokkespel, xylofon og marimba. Det kan også etterkvart verte aktuelt å spele saman med andre, der ein øver saman fram mot ulike arrangement.

Korpsinstrument

Osterøy kulturskule ønskjer å vera ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikla korpsmiljøet i kommunen. Me tilbyr individuell undervisning på messinginstrument, og perkusjon. For å spele saman med andre kan ein også melde seg inn i skulekorpset. Vil du vita meir kan du kontakta kulturskulen eller Osterøy skulebrass direkte.

Låtskriving i studio

I dette faget vil du få gode råd på vegen og hjelp til å skapa eit ferdig musikalsk produkt anten det er eit instrumentalt stykke eller ein song. Kulturskulen kan tilby studiotid, har godt opptaksutstyr og det siste innan programvare. Tilbodet vert organisert som 40 minutts økter over 19 veker.

Digital musikkproduksjon

Her arbeider elevar og lærar saman om musikalske idear, og arrangerer dette i digitalt program. Faget er spanande og kreativt, og kulturskulen har eit godt utstyrt studio der elevane kan utfalde seg. Det vil i utgangspunktet vere individuell undervisning. Undervisninga vert organisert i 40 minutts økter over 19 veker.